



**STORD
KOMMUNE**



Nordbygdo ungdomsskule

**Rådmannen sitt framlegg til
Budsjett og økonomiplan
2010-2013
Målstyringsdokument**

Innhold

1.	Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak	5
2.	Innleiing og samandrag.....	6
3.	Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader.....	7
3.1	Folktalsutvikling.....	7
3.2	Økonomiske føresetnader	7
3.3	Frie inntekter	7
3.4	Skjønsmidlar	8
3.5	Anslag frie inntekter	8
3.6	Momskompensasjon.....	9
3.7	Asylmottak, mottak flyktningar	10
3.8	Ressurskrevjande tenestemottakarar	10
3.9	Barnehagetilskot.....	10
3.10	Rente og avdragskompensasjon	10
3.11	Lønnsvekst og pensjonskostnad 2010	11
4.	Målstyring og kvalitetssikring 2010-2013.....	12
4.1	Overordna målsettingar	12
	Byutvikling, senterstruktur og samferdsle	12
	Oppvekst	12
	Estetikk, miljø og trivsel.....	12
	Arbeid og næringsliv.....	12
	Rehabilitering, helse og omsorg.....	13
4.2	Årsmål 2010 – målekart for Stord kommune.....	14
5.	Budsjettområda, drift og investeringar	15
5.1	Formannskapet	17
5.1.1	Politisk	17
5.1.2	Administrasjon, fellesutgifter, IKT.....	17

5.1.3	IKT-strategi.....	17
5.1.4	Kyrkja, kyrkjegardar.....	18
5.2	Driftsstyret.....	18
5.3	Komite for oppvekst og utdanning	19
5.3.1	Skule, SFO	19
5.3.2	Skulebruksplan 2008-15, nybygg og rehabilitering	19
5.3.3	Barnehagar	20
5.3.4	Kulturskulen	20
5.3.5	Førebyggjande tenester, barnevern	21
5.4	Komite for næring, miljø og kultur	21
5.4.1	Kultur og idrett	21
5.4.2	Stord kulturhus.....	21
5.4.3	Næring	22
5.4.4	Regulering, byggjesak, oppmåling	22
5.4.6	Veg, grønt og park	22
5.5	Komite for rehabilitering, helse og omsorg	23
5.5.1	Sosialtenester, NAV	23
5.5.2	Sosial og førebyggjande tenester.....	23
5.5.3	Rehabilitering, helse og omsorg.....	24
5.5.4	Plan for rehabilitering, helse og omsorg – investeringsprogram i planperioden	27
5.6	Stord kommunale eigedom KF, Stord vatn og avlaup KF	28
5.6.1	Stord kommunale eigedom KF.....	28
5.6.2	Stord vatn og avlaup KF	28

6.	Finans, avgifter, betalingssatsar	29
6.1	Gebyr og betalingssatsar	29
6.1.1	Finansinntekter og –utgifter, lånegjeld	29
7.	Vedlegg	32
7.1	Økonomiplan drift	32
7.2	Økonomioversyn drift	32
7.3	Investeringsbudsjett	32
7.4	Spesifikasjon investeringar	32
7.5	Stord kommunale kino	32
7.6	Budsjettframlegg Stord kommunale eigedom KF	32
7.7	Budsjettframlegg Stord vatn og avlaup KF	32

1. Rådmannen sitt framlegg til budsjettvedtak

1. Kommunestyret vedtek driftsbudsjett for 2010 og økonomiplan for åra 2011-2013 med desse endringane...
2. Kommunestyret vedtek investeringsbudsjett for 2010 og økonomiplan 2011-2013 med desse endringane...
3. Kommunestyret vedtek budsjett for Stord kommunale kino slik det ligg føre.
4. Kommunestyret vedtek å ta opp kr 135 258 000 i lån i 2010 som serielån. Låneopptaket er fordelt slik:

Til Stord vatn og avlaup KF	kr 64 278 000
Til kommunale føremål	kr 60 980 000
Til Startlån	kr 10 000 000

Rådmannen får fullmakt til å gjennomføra låneopptaket
5. Kommunestyret vedtek å oppretthalda gjeldande trekkrett i DNB Nor med inntil 25 mill kr. Rådmannen får fullmakt til å disponera trekkretten.
6. Skatteøyre vert sett lik maksimal sats i samsvar med Stortinget sitt vedtak om kommunalt skatteøyre.
7. Kommunestyret vedtek satsar for gebyr og avgifter med verknad frå 1. januar 2010 slik det går fram av eige hefte "Betalings-satsar for Stord kommune". Dette gjeld for:
 - Avgift for feiing og brannsyn
 - Avgifter for vatn, avlaup, renovasjon og slamtøming
 - Reguleringsgebyr
 - Gebyr for delingssøknader
 - Oppmålingsgebyr
 - Gebyr for byggjesak og tekniske installasjonar
8. Stord kommune vil i 2010 busetta 10 flyktingar. Familiesameiningar kjem i tillegg.
9. Rådmannen får fullmakt til å reorganisera den sentrale leiinga i kommunen i samband med nedtakingen av ein kommunalsjefstilling, jf. pkt 4.1.2 i budsjettkommentarane.
10. Rådmannen får i oppdrag å utarbeida eit forprosjekt for nybygg ved Langeland skule, jf. notat frå Utviklingsgruppa av 25.9.2009. Forprosjektet skal godkjennast av komiteen for oppvekst og utdanning.
11. Sagvåg og Litlabø barnehage sin avdeling på Litlabø vert lagt ned frå og med hausten 2010.
12. Rådmannen får fullmakt til gjennomføra utbygging av 21 bustader for personar med særskilde behov.
13. Rådmannen får i oppdrag å utarbeida eit forprosjekt for bygging av nye sjukeheimsplassar. Forprosjektet skal godkjennast av Komite for rehabilitering, helse og omsorg.
14. Kommunestyret løyver kr 500 000 til tilskot lag og organisasjonar, jf. Frivillighetsmelding for Stord kommune.
15. SNU AS vert tildelt eit driftstilskot for 2010 på kr 1 500 000. Søknad frå Atheno AS om kr 350 000 i tilskot for 2010 til subsidiering, rådgjeving og vidareutvikling av industriinkubator på Stord vert ikkje imøtekommen.

2. Innleiing og samandrag

Budsjettsituasjonen må også denne hausten karakteriserast som vanskeleg. Utgangspunktet for budsjettarbeidet var eit akkumulert underskot på 14,8 mill kr som må dekkast inn seinast i løpet av 2010. Alternativet er oppføring i ROBEK-registeret. God skatteinngang og gunstig utvikling på finansmarknaden gjev likevel utsikter til at 13 mill av underskotet kan dekkast inn i løpet av 2009. Rådmannen har difor som utgangspunkt at 1,8 mill kr av underskotet skal dekkast inn i 2010, men budsjettbalansen er avhengig av stram styring fram mot årsskiftet 2009/2010.

Skatteinntektene til kommunen har variert stort dei seinare åra. Inntektsutjamninga har likevel sytt for at kommunen sine frie inntekter har lagt stabilt på 94-95% av landsgjennomsnittet. Budsjettet legg til grunn at Stord kommune sine skatteinntekter skal halda seg på same nivå som i 2009. Det vil vera knytt ein del uvisse til skatteanslaget i.o.m. at situasjonen for leverandørindustrien er noko usikker i 2010.

I framlegg til statsbudsjett er det lagt inn kr 273 mill kr til oppfølging av samhandlingsreforma. Av summen er 230 mill til førebyggjande helse løyvd som frie inntekter. For Stord kommune utgjer dette 0,7 mill. I tillegg er det føreslege å vidareføra 96 mill kr til samhandlingstiltak. Stord kommune vil delta i konkurransen om desse midlane i 2010 i samarbeid med nabokommunane og helseføretaket.

Ei hovudutfordring frametter vil vera å tilpassa tenestenivået innanfor pleie og omsorg til kommunen sine økonomiske rammer. Pleie- og omsorgstenestene er i rådmannen sitt budsjettframlegg styrka med 7,7% i høve til revidert budsjett juni 2009. Kommunen har likevel ikkje økonomi til å oppretthalda dagens tenestenivå og ein må difor framover rekna ein generell reduksjon.

Som oppfølging av Plan for rehabilitering, helse og omsorg er det lagt opp til prosjektering og realisering av 16 sjukeheimplassar i perioden. I tillegg er det lagt opp til å byggja 21 bustader for brukarar med særskilde behov. Desse vert i all hovudsak finansiert med statstilskot og husleige.

Driftsbudsjettet til skulen er auka med 5,1% i høve revidert budsjett juni 2009. Mykje av auken går til igangsetting og drift av nye Nordbygdo ungdomsskule. Som oppfølging av skulebruksplanen ligg det i investeringsbudsjettet inne framlegg om å prioritera nytt undervisningsareal m.m. på Langeland skule. Nybygg/rehabilitering av Stord ungdomsskule ligg inne med prosjektering og igangsetting i 2011-13.

Framlegg til budsjett og økonomiplan legg i all hovudsak opp til å vidareføra dagens driftsnivå i Stord kommune. For å balansera budsjettet har det likevel vore naudsynt å gjennomføra nokre nedtak, og hovudutfordringa frametter vil vera å tilpassa tenesteytinga til kommunen sine økonomiske rammer. Det er heller ikkje i år funne rom for å gje vedlikehaldet av kommunale bygg det tiltrengte løftet. Det er likevel lagt opp ei overføring til Stord kommunale eigedom KF som vidarefører 2009-nivå for tekniske tenester/KF'et

3. Rammevilkår, overordna styringssignal og føresetnader

3.1 Folktalsutvikling

Ein viktig føresetnad for økonomiplanen er folketalsutviklinga i kommunen og samansetjinga av denne. Folketalet pr 01.07 2009 var på 17414. Fødselsoverskotet vil bli redusert i åra framover. Stord kommune har yngre befolkning enn gjennomsnittskommunen, men snittalderen er aukande. Det er kvart år stor inn- og utflytting i kommunen. Dei siste åra har det vore større tilflytting enn utflytting.

Folketalsframskrivinga byggjer på SSB si framskriving for Stord kommune, midlare utvikling. Befolkingstilveksten i 2008 var på 1,2%. Kommunen sitt anslag på utvikling i befolkningsamansetning som følgjande:

Alder	2009	2010	2011	2012	2013
0-5 år	1 364	1 395	1 417	1 412	1 437
6-15 år	2 666	2 624	2 585	2 604	2 566
16-66 år	11 365	11 559	11 723	11 837	11 987
67-79 år	1 301	1 323	1 384	1 417	1 479
80-89 år	504	529	510	526	526
90 år og eldre	89	95	105	121	123
SUM	17 289	17 525	17 724	17 917	18 118
Auke	197	236	199	193	201
Auke i %	1,2	1,4	1,1	1,1	1,1

Talet på eldre over 67 år aukar med 12,4% i frå 2009 til 2013. Den største veksten kjem dei siste åra i økonomiplanperioden. Dette vil føra til at kommunen får fleire brukarar som treng pleie og omsorgstenester. Talet på barn i skulealder viser ein nedgang, talet på barn i barnehagealder vil gå noko opp i perioden.

3.2 Økonomiske føresetnader

Økonomiplanen og årsbudsjettet er sett opp på grunnlag av gjeldande økonomiplan, rekneskapa for 2008 og så langt i 2009, kommuneproposisjonen i juni og regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett. I økonomiplanen er det teke noko høgde for endring i demografi ved at det er budsjettert med realvekst på tenestoområda pleie, rehabilitering og omsorg. Rammene til skule er redusert då elevtalet fell i perioden.

3.3 Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot, skatteinntekter, momskompensasjon og andre ikkje øyremerka statlige tilskot, og er hovedfinansieringskjelda for driftsrammene.

Deflator (løns- og prisvekst) er sett til 3,10%. Denne er berekna slik :

	Lønnsvekst	Varekjøp	Veid indeks
	2010	2010	
Prisstigningsføresetnader	3,5	2,4	3,1

Det er rekna med ein nominell skattevekst (etter prisjustering) frå 2009 til 2010 på 5,9 %. Høgste kommunale skattøyre er uendra (12,8%).

3.4 Skjønsmidlar

Kommunen mottok lite skjønsmidlar frå Fylkesmannen. Fylkesmannen har tildelt kommunen 2,2 mill kr for 2010. Kommunen har fått mindre skjønsmidlar på grunn av at kommunen ikkje har innført eigedomsskatt:

"I berekninga er det lagt inn ein korreksjon slik at dei kommunane som ikkje har innført eigedomsskatt får kompensasjon på eit noko lågare nivå (...) Kommunen har korkje innført eigedomsskatt på verk og bruk eller andre faste eigedomar, slik at ytterlegare auke i skjønstilskotet ikkje kan bli prioritert" (Brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 13.10.2009

3.5 Anslag frie inntekter

Kommunen er ein minsteinntektskommune. Skatteinntektene har dei siste åra variert frå 89% (2005) til 95% (2008) av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga har sytt for at kommunen sine inntekter av skatt og inntektsutjamning har kome opp i vel 94-95% av landsgjennomsnittet i alle desse åra. I 2009 har kommunen hatt ein sterk vekst i sine skatteinntekter (12% ved utgangen av september). Kommunen ligg derfor nær opp til landsgjennomsnittet for skatteinngang. Særleg to forhold medverkar til dette; avvikling av selskapsskatten og høg aktivitet i lokalsamfunnet.

Stord kommune vert rekna som ein lettdriven kommune. I tillegg har kommunen ein gunstig samansett befolkningsprofil (ung befolkning). Dette gjer at kommunen vert trekt i rammetilskotet gjennom det såkalla utgiftsutjamnande tilskotet. I 2010 er dette trekket på 27,7 mill kr.

Til grunn for anslag på frie inntekter ligg dei endringane i demografiske forhold som er gjort greie for under befolkningsendring over. Dette gir kommunen isolert meirinntekter utover staten sitt anslag.

Me har og rekna med at skatteinntektene skal halde seg på same nivå som i 2009 i forhold til landsgjennomsnittet (skatt lokalt skal utgjere 99% av landsgjennomsnittet). Det er lagt til grunn ein skattevekst for landet i samsvar med statsbudsjettet sine føresetnader. Lokalt har me lagt til grunn 5,3% skattevekst i forhold til anslag på rekneskap 2009.

Det er knytt ein del usikkerheit til skatteanslaget for 2010, då sysselsettingssituasjonen i leverandørindustrien er noko usikker i 2. halvår 2010.

Enkeltelementa som er nytta i budsjettering av frie inntekter i økonomiplanen går fram av tabellen nedanfor:

I mill kr	2009	2010	2011	2012	2013
Innbyggartilskot	163 401	177 863	186 272	193 489	200 707
Utgiftsutjamning	-25 236	-27 661	-28 303	-28 897	-29 507
Overgangs- og nyordningar	-1 030	-431	0	0	0
Utanfor overgangsordninga	2 476	2 767	2 767	2 767	2 767
Ordinært skjønn inkl. komp. For auka arbeidsgjevaravgift	1 100	2 200	2 200	2 200	2 200
Skjønn skattesvake kommunar	670				
Tiltakspakka	6 730				
RNB	3 088				
Sum rammetilskot ekskl. inntektsutjamning	151 199	154 737	162 936	169 560	176 676
Selskapsskatt	0	0	0	0	0
"Bykлетrekke" (anslag)	-21	-21	-21	-21	-21
Netto inntektsutjamning	-5 453	-3 516	-4 146	-4 213	-4 273
Sum rammetilskot	145 824	151 200	158 758	165 325	171 872
Skatt på inntekt/formue (vårt anslag)	391 667	412 602	417 965	423 686	429 764
Sum frie inntekter	537 500	563 800	576 700	589 000	601600
Endring i dei frie inntekt (%)	11,6 %	4,8 %	2,4 %	2,1 %	2,1%

Ved berekning av frie inntekter i økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein realvekst på 2 % i året, befolkningsendring i samsvar med folketalsframskriving for kommunen samt dei endringane i rammetilskot som skuldast omlegging av inntektssystemet.

3.6 Momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga vart innført frå og med 2004. Kommunen får refundert moms på kjøp av varer og tenester. Føremålet med innføring av ordninga var å likestill eigenproduksjon med privat produksjon av varer og tenester.

Frå 2010 vert ordninga med at kommunane kan nytta investeringsmomsen til drift oppheva. Det er laga overgangsreglar som tilseier inntektsføring av investeringsmomsen i driftsrekneskapan for åra 2010-2014. 20% av investeringsmomsen skal nyttast til å finansiera investeringar i 2010, deretter 40% og så vidare. Frå 2014 skal all investeringsmomsen som kommunen mottok nyttast til å finansiera investeringane. I berekninga av momskompensasjon for investeringar er kommunen sitt investeringsnivå i økonomiplanen lagt til grunn.

(mill. kr)	2010	2011	2012	2013
Momskompensasjon drift	18 000	18 000	18 000	18 000
Momskompensasjon investering	13 712	19 490	10 332	7 870
Sum momskompensasjon	31 712	37 490	18 332	25 870
Avsett til investeringar	2 743	7 796	6 200	6 296

Kommunen etablerte i 2009 Stord kommunale eigedom KF som vil stå for gjennomføring av investeringane. Opptent momskompensasjon for investering og drift i føretaket vil tilfalle kommunen.

3.7 Asylmottak, mottak flyktningar

Kommunen mottok årleg 1,5 mill kr som vertskommunekompensasjon for asylmottak. Denne inntekta skal dekke dei meirutgifter kommunen har følgje av dette.

Kommunen har budsjettert med eit integreringstilskot på 15,5 mill kr kvart år i økonomiplanperioden. Ved busetting av flyktningar mottok kommunen 574 300 kr for kvar vaksen flyktning, 554 000 for born.

3.8 Ressurskrevjande tenestemottakarar

Ordninga med statstilskot til ressurskrevjande tenestemottakarar vert strama inn med tilbakeverkande kraft i statsbudsjettet. Kommunen får dekke 80% av direkte lønnsutgifter av tenestene som vert ytt til ressurskrevjande brukarar under 67 år som overstig eit innslagspunkt på kr 865 000 pr brukar. Budsjettet for 2009 la til grunn ein tilskotssats på 85%, men rekneskapen må justerast i høve til nytt regime. Vi legg til grunn at regjeringa ikkje strammar ytterlegare inn på ordninga. Kommunen vil ha 20 brukarar i 2010 som samla vil gje eit tilskot på 18,3 mill kr. Nivået på tilskotet er vidareført i økonomiplanperioden.

3.9 Barnehagetilskot

Barnehagetilskotet vert gjeve som eit øyremerka statstilskot t.o.m. 2010. Kommunen mottok tilskot for både private og eigne barnehagar. Statstilskotet til dei private barnehagane vert vidareformidla og aukar budsjetttrammene til kommunen med 60 mill kr. Kommunen sine eigne barnehagar mottok i tillegg 17,9 mill kr i statstilskot. Statstilskot funksjonshemma i barnehage er 3,5 mill kr, skjønsmidlane er rekna til 24,1 mill kr. Samla statstilskot barnehagane utgjør 105,5 mill kr.

Frå 2011 er det sagt at dette tilskotet vil gå inn i rammetilskotet og kommunen får ansvar for tildeling av barnehageplassar og økonomisk tilskot til dei private barnehagane. I økonomiplanen er statstilskotet vidareført på 2010 nivå.

3.10 Rente og avdragskompensasjon

Kommunen får rentekompensasjon på skuleanlegg i samsvar med tildelt kvote som er på 47,4 mill kr. Renteføresetnad er 2,5% i 2010, som gir 1,2 mill kr i kompensasjon. For skuleanlegg som vart utbygd som del av reform 97 reknar kommunen med å ta imot 1,0 mill kr i kompensasjon.

Rente og avdragskompensasjon for omsorgsbustader og institusjonsplassar utgjer 3,8 mill kr i inntekt. Av dette er 2,3 mill kr avdrag og 1,5 mill kr rente. Rehabilitering av kyrkjebygg gir rentekompensasjon med kr 0,2 mill kr.

I 2009 innførte regjeringa ei ny ordning med rentekompensasjon for å rehabilitere skular og basseng. Samla lånevot er anslått til 48 mill kr. For 2010 er det budsjettert med 0,8 mill kr frå denne ordninga. Nordbygdo ungdomsskule er ferdig i 2009 og vil bli nytta som søknadsgrunnlag

3.11 Lønnsvekst og pensjonskostnad 2010

I statsbudsjettet vert det lagt opp til ein årslønnsvekst på 3,5 %. Følgjande lønnsvekst ligg til grunn i budsjettet:

Lønnsgliding 2009		0,2 %
Overheng frå 2009		1,1%
Berekna lønnstillegg pr 01.05.2010	3,8%	2,2%
Lønnsføresetnader lagt til grunn		3,5%

Avsett til lønnsjustering pr 01.05 i budsjett 2010 i heile tusen kr.	10 821
--	--------

Kommunen budsjetterer pensjonskostnader i samsvar med kommunaldepartementet sine reglar for pensjonsføring med 15 års avdragstid på premieavviket.

Kommunen har motteke budsjettoppgåve frå KLP. Kommunen har eigenrisiko på AFP ordninga. Premien her er estimert utifrå erfaringstal. Berekna pensjonspremie for sjukepleiarane i KLP ordninga er budsjettert med brutto 18,7% og for andre tilsette 9,83% av pensjonsgrunnlaget samt ein reguleringspremie på 3,55% av premiereserven. Dei tilsette dekkjer 2% av pensjonsgrunnlaget.

Statens pensjonskasse har varsla om ein premie på 14,41% inklusiv tilsette sin 2% del. Dette er ein auke i premien på 1,21%.

	KLP	Statens pensjonskasse
Premie 2010	45 866	15 282
Berekna pensjonskostnad	40 936	13 237
Premieavvik	4 930	2 050
Amortisering tidlegare års premieavvik	- 2 850	16

Premieavviket for 2010 er på 7,0 mill kr, i tillegg kjem 1,0 mill kr i arbeidsgjevaravgift. Dette vert ført til inntekt i budsjettet for 2010 og amortisert over 15 år frå og med 2011. I økonomiplanen vert det lagt opp til ein årleg auke i pensjonskostnaden på 1 mill kr. Premieavviket er trappa opp i samsvar med dette.

4. Målstyring og kvalitetssikring 2010-2013

Kommunen sine overordna målsettingar for perioden tek utgangspunkt i planprogram for kommuneplan 2010-2021. Revisjon av kommuneplanen er førebels berre på planprogram-stadiet og skal handsamast i formannskap og kommunestyre seinare i haust.

4.1 Overordna målsettingar

Byutvikling, senterstruktur og samferdsle

- Stord skal vera ein attraktivt Kystby og det naturlege senteret i regionen
- Byen skal vidareutviklast med eit levande sentrum og framtidretta lokalsenterstruktur
- Stord skal ha eit effektivt, miljøvennleg og trafikksikkert transportsystem

Oppvekst

Styringsdokumentet har som mål å sikra:

- at barn og unge i Stord får utvikla talenta sine og oppleve meistring i kvardagen
- at tiltak har universell utforming og det blir gitt tilpassa opplegg og opplæring
- at det er kvalitet i tiltak i barnehage, grunnskule og andre einingar med tiltak for barn og unge.
- samanheng frå barnehage til og med vidaregåande skule, med vekt på læring og sosial utvikling
- samanheng mellom skule og fritid, med felles verdier som forpliktar alle som arbeider med barn og unge
- at barn og unge er med på samarbeidsprosjekt med andre skuleslag, med næringsliv og samfunn og at dei er del av prosjekt utanfor Noreg sine grenser.

Estetikk, miljø og trivsel

Stord skal vera eit inkluderande samfunn der mangfald, kunnskap og trivsel er grobotn for optimisme og utvikling. Estetikk, miljø og kultur skal vera med å fremja slik utvikling. Delmål:

- Møtet med Stord skal vera tiltalende og attraktivt. Det vert lagt vekt på utforming, merking og tilgjenge.
- Det skal vera ein aktiv politikk innan miljøvern, bruk av alternative energikjelder og kulturvern.
- Stord kulturhus skal framstå som eit aktivt og innbydande hus, med stor grad av utnytting.

Arbeid og næringsliv

Stord skal:

- vera ein leiande kommune i å tilby stabile og forutsigbare rammer for næringslivet.
- ha god infrastruktur som styrkjer kommunen som regionalt senter innan næring, FoU, offentlege tenester, helse, kultur, m.m.
- ha gode tilbod innan teneste, utdanning og opplevingar som gjer Stord attraktiv for folk og verksemder.

- Skapa interesser for Stord som ein stad for etablering av nye verksemder.
- Iverksetja tiltak for å tiltrekkja kvalifisert arbeidskraft
- Leggja til rette for gode rammevilkår for næringslivet gjennom gode tenestetilbod og ei effektiv offentleg forvaltning.
- Samarbeid mellom næringsliv og skulane. Etablerarverksemder

Rehabilitering, helse og omsorg

Stord kommune skal leggja til rette for at folk kan gjera gode val for eiga helse og arbeida for at sosiale skilnader i helse vert reduserte. Lærings og meistringstiltak har fokus.

Dei som treng sosiale-, helse- og omsorgstenester skal få tilbod på lågast effektive nivå.

Tenestene skal leggja vekt på brukarmedverknad, samhandling og interkommunalt samarbeid der det ligg til rette for det.

Areal

Kommuneplanen sin arealdel skal vera den overordna styrande plandokument for all arealbruk i kommunen. Planen skal visa samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og visa formål og omsynssoner for bruk og vern av areal.

Kommunen skal fastleggja utviklingsretningar for framtidig byutvikling og definera langsiktige strategiske grenser for ulike utbyggingsføremål (bustad, næring, offentleg og privat tenesteyting), og kommunen skal unngå unødvendig "arealspreiing".

Det skal stimulerast til fortetting i eksisterande utbyggingsområde både ved tilrettelegging av mindre felt, deling av større tomter og meir konsentrert utbygging i sentrum og sentrumsnære område. Samstundes er det viktig å sikra nødvendige grøntstrukturar.

Det skal definerast langsiktig, strategiske grenser (markagrenser) for arealbruk som sikrar vern av viktige landbruks-, natur – og friluftsområde som i nødvendig grad skal visast med omsynssoner.

Kjerneområda for landbruk og skogbruk skal definerast og kartfestast i arealdelen med omsynssone.

Funksjonell strandsone skal definerast og innarbeidast i arealdelen.

Folk i alle aldrar skal sikrast lett tilgjenge til areal for leik og fysisk aktivitet ved at det vert sikra samanhengande grøntkorridorar med turstiar som fører fram til friareal og friluftsområde. Turstiane skal og sjåast i samheng med gangsykkelvegnettet.

4.2 Årsmål 2010 – målekart for Stord kommune

Må lukkast med	Teikn på om me har lukkast	Målemetodar	Resultat brukarundersøkingar		
			Resultat	Ynskt	Nedre
Brukarar Stord kommune er tilgjengeleg og gir god servise	Stord kommune har oppdatert heimeside som gir 5 *(stjerne) i Noreg.no sine målingar	Noreg.no	4 *	5 *	4 *
	Gir god service på nett, telefon, e-post,	Forbrukarrådet.no	65	80	75
	Brukarar av tenester er nøgde med tilgjenge og servise	Brukarundersøking	4,9	4,9	4,7
Godt samarbeid og brukarmedverknad	Nøgde brukarar	Brukarundersøking	4.6	5	4.5
Einingane gir god kvalitet på tenestene	Brukarane er generelt nøgde med kvaliteten på tenestene.	Brukarundersøking	4.7	4.5	4.0
Økonomi God økonomistyring	Samsvar mellom budsjett og rekneskap	Avviksrapport	- 0.8	0% eller betre	
Medarbeidarar Eit ivaretakande og godt arbeidsmiljø	Tilfredse medarbeidarar	Medarbeidarundersøking	4.6	4.7	4.0
	Redusert sjukefråvær	Sjukefråværsrapport	7,5 %	7,0%	7,5%
Fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarane får nødvendig og relevant kompetanseutvikling	Medarbeidarundersøking	3,7	4.0	3,7
	Samsvar mellom kompetanse og oppgåver	Medarbeidarundersøking	4.7	4.8	4.5
Leiarar som viser respekt, syter for medverknad og gir tilbakemelding.	Medarbeidarane opplever at dei får nok tilbakemelding på den jobben dei gjer	Medarbeidarundersøking	3,9	3,9	3,9
Organisasjon Leiarar som legg til rette for utvikling	Oppleving av fagleg og personleg utvikling	Medarbeidarundersøking	3,8	4.1	3.8
Det er samsvar mellom tilsette og brukarane sitt syn på kvaliteten på tenestene	Medarbeidarar og brukarar gir lik tilbakemelding på kvalitet	Brukarundersøking	5,1	5,2	5,0
		Medarbeidarundersøking	4,5	5,2	4,8

Det vil verta utarbeida eigne måltal for sjukefråværet for dei einskilde områda, jf. sak til Driftsstyret i september 2009.

5. Budsjettområda, drift og investeringar

Samla inntektsramme for driftsbudsjettet er 867 mill. For område skule rehabilitering, helse og omsorg der det ligg inne ein auke i høve til 2009. Det er gjennomført nokre nedtak for å balansera budsjettet, men driftsnivået elles er i hovudsak vidareført på 2009-nivå.

Kommunen etablerte føretak frå 01.07 2009. Rådmannen har innarbeidd investeringar i budsjettframlegget. Tiltaka er kommentert under formannskapet/sine respektive komitear.

Framlegg til investeringsbudsjett for økonomiplanperioden 2010-2013 byggjer på den vedtekne økonomiplanen for 2009-2012, samt sektorplanar som skulebruksplan, rehabilitering -helse og omsorgsplan og vatn og avlaupsplan. Dei økonomiske rammene i perioden er likevel slik at det ikkje er mogeleg å oppfylle alle måla i sektorplanane.

Det er utarbeida eigne investeringsplanar for bustader til vanskelegstilte, skuleutbyggingar og nye institusjonsplassar.

Alle investeringssummar med unntak for avgiftsområda er budsjettert med bruttotal (inkl. meirverdiavgift).

Framlegg til investeringar pr. tenestoområde (tal i heile tusen kr.):

	2010	2011	2012	2013	2010-2013
Administrasjon og fellesfunksjoner	6 250	6 550	5 250	5 000	23 050
Bustad / Næring / utbygging	6 000	250	250	0	6 500
Skule og barnehage	12 300	10 000	10 700	7 200	40 200
Helse og sosial	25 410	46 400	12 300	19 000	103 110
Kyrkje	11 400	20 000	9 800	0	41 200
Kultur, idrett	9 000	8 790	7 900	3 050	28 740
Brann, veg og grønt	8 900	5 460	5 960	5 450	25 770
Vassverk	31 637	26 967	27 853	30 091	116 548
Avlaup	32 641	45 177	64 330	60 369	202 517
Samla investering	140 238	169 594	143 843	129 810	583 485

Tabellen syner korleis investeringane vert finansiert i planperioden:

	2010	2011	2012	2013	2010 2013
Overføring frå drift/momskompensasjon	2 582	7 796	6 199	6 296	22 873
Statlege overføringar	6 500	14 000	3 200	5 000	28 700
Sal av eigedom/bruk av fond	11 898	9 254	2 901	1 004	25 057
Sum eigenfin. /tilskot	20 980	31 050	12 300	12 300	76 630
Låneopptak finansiert over drift	47 980	60 000	31 860	21 450	163 845
Lån skulebygg m/statleg rentedekning	6 000	6 400	7 500	5 600	32 000
Lån kyrkje med statleg rentedekning	1 000	0	0	0	1 000
Sum lån ikkje sjølv-finansierande investeringar	54 980	66 400	39 360	27 050	187 790
Sum finansiering ikkje sjølv-finansierande investeringar	75 960	97 450	51 660	39 350	264 420
Låneopptak avgiftsområdet	64 278	72 144	92 183	90 460	319 065
Samla finansiering	140 238	169 594	143 843	129 810	583 485

Det er lagt opp til å nytta 22,9 mill kr av momskompensasjon investeringar til finansiering av desse. Dette er i samsvar med vedtekne føresegner om innfasing av momskompensasjonen. Som delfinansiering av investering i bustader til vanskelegstilte er det lagt til grunn ein statleg kompensasjon på 30% av investeringa.

Kompensasjonstilskot til institusjonsplassar er budsjettert iht til den statlege satsinga med gjennomsnittstilskot på 30% av investeringskostnaden. Det er lagt opp til å nytte 25 mill kr i eigenfinansiering av investeringane.

5.1 Formannskapet

5.1.1 Politisk

Løyvinga på kr 800 000 til disposisjon for formannskapet skal dekke kostnader med Stordfest 2010 med kr 615 000. Budsjettet har ikkje teke høgde for at underskotsgarantien på kr 400 000 skal tre i kraft. Til dei tre komiteane er det lagt inn ein post til disposisjon på kvar kr 100 000.

Det ligg inne kr 100 000 til forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet legg i sitt budsjett opp til kr 250 000.

5.1.2 Administrasjon, fellesutgifter, IKT

I økonomiplan 2009-2012 var det lagt inn eit innsparingskrav på administrative stillingar på 3 mill kr. Heilårsverknaden av nedbemanninga gjennomført som følgje av dette er 3,3 mill kr. Einingane har stort sett klart å gjennomføra innsparinga ved effektivisering, men ein ser at det skal lite ekstra arbeidsbelastning til utan det viser att i form av overtid eller mindre framdrift og servise. Ein merkar seg og at fleire forvaltningskontrollar peikar på at intern kontroll og dokumentasjon bør styrkjast, og kapasiteten for å handtera større utgreiingssaker i administrasjonen er svekka.

I budsjettet er det ikkje lagt opp til å rekruttera ny kommunalsjef etter Magne Rommetveit, som har stortings-permisjon fram til september 2013. Dette på bakgrunn av ein vanskeleg budsjettbalanse og seinare organisatoriske endringar. Rådmannen legg opp til å gjennomføra ei reorganisering av den sentrale kommuneleiinga. I dette arbeidet vil ein i tillegg til arbeidsdelinga internt i strategisk leiing sjå på forholdet til både utviklingsgruppa og einingane, samt organiseringa av arbeidet i høve til dei politiske komiteane. Ein tek sikte på å vidareføra ordninga med oppfølging av tenestelike einingar. For å oppretthalda tilfredsstillande kapasitet i sentraladministrasjonen er det lagt inn ein auke på eit årsverk (konsulentstilling, 0,5 mill kr).

Det er lagt inn 0,6 mill til vidareføring av overordna planarbeid.

Det er sett av i alt 6,05 mill kr til investering i anlegg under administrasjon og fellesfunksjonar. Det største prosjektet på 2,6 mill er lokale for historisk arkiv og 0,7 mill til ferdiggjering av utskifting av vindauga i Rådhuset. Resten er fordelt over perioden til innemiljø, brann og enøk.

5.1.3 IKT-strategi

Dei fleste tiltaka i 2010 er vidareføring av oppstarta tiltak. Oppfølging av revisjonsrapporten og innføring av nytt kontorstøttesystem utgjer halvdelen av investeringsomfanget på 4 mill kr. Nye tiltak lagt til i rulleringa av planen med oppstart 2010:

- System for elektronisk handel og etablering av integrasjon mot den Offentlege Marknadsplassen (kostnad 0,3 mill)
- Knyta pleie-, omsorg- og helsetenesta til Norsk helsenett (0,1 mill)
- Vidareutvikla sentralbordløysinga (integrasjon med fagsystema, kalender osv) (0,2 mill)
- Styrings- og administrasjonssystem for IKT-drift og inventar (0,25 mill)
- Utvida integrasjon mellom Notus og Agresso (0,15 mill)

- Innføra papirlaus saksdokument og møteprotokollar for politisk sakshandsaming (0,5 mill)
- Tilpassa skrivebordsflate for brukarane (SharePoint) (0,5 mill)

Kr 500 000 vil vera nok til å koma i gang med politikar-PCar, men ikkje nok til alle. Det kan t.d. vera aktuelt å i første omgang leggja til rette kommunestyresalen og innføra ordninga gradvis, for t.d. formannskapet. Det er ikkje lagt opp til innkjøp av ny programvare, men at ein nyttar ePhorte slik det er i dag, og at folkevalde hentar ned saker frå www.stord.no sjølve.

Den samla IKT-strategien for Stord kommune vil verta lagt fram for formannskapet i ei eiga sak.

5.1.4 Kyrkja, kyrkjegardar

Tilskotet til kyrkja er auka med 208 000 kr frå 2008 til 2009. Dette utgjer ein nominell vekst på 2,7%.

Det er sett av 40 mill kr til investeringar til kyrkjeleg føremål. Av dette 1 mill til rehabilitering av Stord kyrkje i 2010. Dette er sluttløyving på den større oppgraderinga av kyrkja. Kommunen har søkt om rentekompensasjon og har fått tilsegn om dette.

Det er trong for kyrkjegardsutbyggingar både for Nysæter og Stord sokn, samt opparbeiding av nytt gravfelt på Huglo. Sikre kostnadstal kan først setjast opp når detaljplanlegginga er gjennomført. Planlegging for gravplass i Stord sokn pågår. Behov i Stord sokn er omlag 2000 graver. Budsjettet legg opp til ei etappevis utbygging, med med 1000 nye graver i denne planperioden. Førebels er samla investering anslått til kr. 39 mill som i planperioden er lagt inn med 10 mill i 2010, 20 mill i 2011 og 9 mill i 2012.

I 2009 vert det gjennomført ei opparbeiding av ledig areal på midtre kyrkjegard som gav 220 nye graver. Utbyggingssak for gravplass på Kattatveit eller i Frugarden vil bli fremja rundt årsskiftet.

Det er aktuelt å leggja til rette for 80 nye graver i Huglo sokn. Det vert føreslått avsett kr 800 000 til dette føremålet i 2012. Det er avsett 0,4 mill kr til gravemaskin til Kyrkjeleg fellesråd i 2010

5.2 Driftsstyret

Driftsstyret har dei siste åra hatt fokus på sjukefråvære. I 2008 vart kommunen med i Kvalitetskommuneprosjektet. Prosjektet har som målsetjing å betra kvalitet og nærvær på arbeidsplassen. Stord har særleg fokus på helse- og omsorgstenestene. Prosjektet vert utvida eit halvt år fram til 1. juli 2010. Det er ikkje lagt inn midlar til prosjektleiarstillinga eller andre ekstra tiltaksmidlar i 2010. Organisasjonen vil likevel arbeide vidare med dei tiltake som er starta opp gjennom prosjektet.

Det er ikkje funne rom til ei eiga HMT-stilling. Den sams potten til kompetanseheving er redusert frå 0,8 til 0,6 mill i 2010.

5.3 Komite for oppvekst og utdanning

5.3.1 Skule, SFO

I budsjettet for 2010 er skuledrifta i store trekk halden oppe og dels auka. Nordbygdo ungdomsskule startar drifta med elevar på 8. og 9. trinn 01.01.10 med ei opptrapping til 10.trinn frå hausten 2010. Skulen avlastar Stord ungdomsskule som får ei halvering av elevtalet, og kommunen får tre ungdomsskular med om lag same elevtal.

Styringsdokumentet for oppvekst ligg til grunn for 2010-budsjettet. Leseprosjektet går vidare, det same gjeld prosjektet tilpassa opplæring/spesialundervisning. Fokus på fysisk aktivitet, vurdering og sosial utvikling held fram.

Det er lagt inn midlar til assistent for elevar med trong for praktisk hjelp. Det er og lagt inn ein liten auke til læremiddel, utstyr og inventar, med ambisjon om vidare opptrapping. Midttimeskyssen vert dekkja inn i første halvår. Andre halvår er det lagt opp til at skulane må organisera drifta slik at midtskyssen fell bort.

I statbudsjettet er det lagt inn slik opptrapping, som ein lyt koma attende til ved første budsjettrevisjon 2010:

- Ein veketime frå hausten 2010 for 1-7. steg
- Tilbod om 8 veketimar gratis leksehjelp, fordelt på 1-4 steg, knytt opp mot SFO

Det er i budsjettet ikkje funne rom for den særskilde støtteordninga til vidareutdanning av lærarar frå hausten.

Budsjettet legg til grunn at kommunen vil følgja Stortinget sine retningslinjer for budsjett-tildeling i samsvar med gamle klassesdelingsreglar, dvs. 30 elevar på ungdomssteget og 28 på barnesteget. Tiltak som effektivisering av skuledrift gjennom lokale forskrifter for skuleplass kan gje effekt frå hausten 2010.

MOT-prosjektet vert vidareført for elevar på 8. og 9. klassesteg.

5.3.2 Skulebruksplan 2008-15, nybygg og rehabilitering

Revidert Skulebruksplan for Stord kommune 2008-2015 er i samsvar med kommunestyrevedtak i sak 63/08 blitt fylgd opp med utgreiingar for Langeland skule, Stord ungdomsskule og Litlabø oppvekstsenter. Utgreiingane ligg til grunn for investeringsbudsjett for perioden. Ramma i økonomiplan for perioden 2009-2012, med 20 mill kr til oppfølging av skulebruksplanen, er altfor knapp i høve til behov og ønskje. Innanfor rammene er Langeland skule og Stord ungdomsskule prioritert.

Elevtalet i Langeland-krinsen er aukande og skulen har alt i dag for lite plass i permanente bygningar. Langeland er baseskule for Leirvik/Langeland for elevar med sær store hjelpebehov, og dei har til no hatt tilhald i Dahlhuset. I budsjettet er Langeland skule prioritert ved at det 2010-12 er lagt inn 15,2 mill til nybygg med undervisningsareal for 2-3 nye klassar, garderobe for tilsette, utviding av areal for kunst og handverk og rom for elevar med sær store hjelpebehov. På lengre sikt er det også behov for rehabilitering av deler av eksisterande bygningsmasse.

Utbyggingsplanar viser at det kan bli stor tilflytting i område som grensar opp mot Langeland skule sitt nedslagsfelt. Det tyder på at det er nødvendig med ein ny skule, jfr

tidlegare planar om ein skule for 1-4 skule i Kåreviksområdet. Lokalisering av ein ny skule bør vurderast på bakgrunn av kommuneplanrevisjonen.

Frå nyttår 2010 kjem Nordbygdo ungdomsskule i drift og som følgje av det går elevtalet ved Stord ungdomsskule ned. Det er rekna med at skulen i framtida vil ha inntil 350 elevar. Stord ungdomsskule har ein bygningsmasse som er lite tilpassa skuledrift etter dagens krav. Konsulentrapportar viser mange feil og manglar, og ei administrativ arbeidsgruppe går inn for riving, rehabilitering og nybygg, kalkulert til 96 mill kr. Det er behov for å betra forholda ved Stord ungdomsskule, men det kan i tillegg til det som ligg føre vurderast alternative løysingar for nybygg/rehabilitering. Budsjettet legg opp til anleggsstart i slutten av perioden, med ei løyving til prosjektering i 2012.

Andre investeringar innanfor skule er restfinansiering Nordbygdo ungdomsskule og helsestasjon (9,5 mill), 2 mill kr til oppgradering av gymsal og garderobar ved Leirvik skule og 0,5 mill til ferdiggjering av uteområde Hystad skule. Det er lagt inn 0,2 mill kr kvart år i perioden til miljøstasjonar ved skular og barnehagar.

5.3.3 Barnehagar

Stord kommune har full barnehagedekning. Dei som no står på venteliste er born som ønskjer plass etter 01.01.2010. Per 20. september 2009 hadde 1027 barn plass i kommunale og private barnehagar. Skjønsmidlar frå staten skal dekke meirutgiftene kommunane har med likeverdig behandling av barnehagar. Frå 2011 vert det øyremerka tilskotet inkludert skjønsmidlar tilført rammene til kommunane. Kommunen får då det fulle og heile ansvaret for barnehagane sin økonomi og må i 2010 laga lokale forskrifter for finansiering av barnehagane for å førebu ny ordning.

Barnehagar som kommunen eig, vert drive på same nivå som 2009, likevel slik at ein tilpasser barnetalet til arealet. Det vil sei at ein tek inn fleire barn frå januar, ved at barn som fyller 3 år første halvår vert rekna med i gruppa over 3 år. Dette er i samsvar med forskriftene og gjer det lettare å tilby plass til nye barn frå januar kvart år. Samstundes aukar det inntektene.

Hausten 2009 har fleire barnehagar hatt ledige plassar, kommunale som private. Av kommunale barnehagar er særleg Sagvåg og Litlabø barnehage blitt ramma, og det kan sjå ut som at det vert overkapasitet av plassar i Sagvåg/Litlabø-området når den nye private barnehagen i Einarsdalen i Sagvåg opnar for full drift i november. I Komité for oppvekst og utdanning i april 2008 vart det gjort vedtak om å vurdere nedlegging av avd. Litlabø ved årsskiftet 08/09. På grunn av barnetalet var det ikkje aktuelt å rå til nedlegging på det tidspunktet. Hausten 2009 har det ikkje vore søknader til alle plassane på Litlabø. Det vert i budsjettet gjort framlegg om at plassane i Sagvåg og Litlabø barnehage, avdeling Litlabø, vert nedlagt frå hausten. Dette vil gje ei innsparing i 2010 på 0,35 mill, heilårsverknad 0,75 mill.

Skogatufto barnehage har behov for ei større oppgradering, kostnadsrekna til ca 6 mill kr. Det er likevel ikkje funne rom for tiltak i planperioden ut over 0,4 mill til bod for barnevogner og utstyr.

5.3.4 Kulturskulen

Kulturskulen vert vidareført på 2009-nivå.

5.3.5 Førebyggjande tenester, barnevern

For førebyggjande tenester vert det synt til omtale under Komite for rehabilitering, helse og omsorg.

Sunnhordland interkommunale barnevern (Sib) er som følgje av kommunestyrevedtak i Bømlo, Fitjar og Stord styrka med to årsverk.

5.4 Komite for næring, miljø og kultur

5.4.1 Kultur og idrett

Eining for kulturtenester har ansvar for fritidsklubbane, den kulturelle skulesekken, fordeling av kulturmidlar, målpris, kulturpris, eldsjelspris, kulturstipend, fredskorps og kommune til kommunesamarbeid Stord-Comlapa (MIC), barne- og ungdomsteaterfestivalen, Falturiltu, utsmykking, ungdommens kulturmønstring, kino og kulturhus.

Onsdagsklubben for personar med utviklingshemming var fram til våren 2009 open for alle. Klubben har opplevd auka oppslutnad, og ein såg seg av kapasitets- og tryggleiksmessige årsaker nøydd til å strama inn på medlemskriteria gjennom å gjera dette tilbodet til eit tilbod berre for innbyggjarar i Stord kommune. Ein er i samråd med NFU Stord /Fitjar lokallag kome til at ein juniorklubb er ei god løysing for å vidareføra tilbodet, men det er ikkje funne rom for eit slikt tiltak i 2010.

Stillinga som kulturkonsulent med særleg ansvar for kulturvern er trekt inn. Dette vil medføra utfordringar for m.a. arbeidet med oppfølging av kulturminne- og bygningsvernplan, stadnamnarkivet, og gamle foto og gruvearkivet. Det er ikkje løyvd midlar til å vidareføra arbeidet med gards- og ættesoga. Drifta elles vil bli vidareført på om lag same nivå som i dag, men oppfølging av frivilligmelding er følgt opp med ei løyving på 0,5 mill i tilskot til lag og organisasjonar.

Det ligg inne 1,6 mill kr i 2010 til opparbeiding av lendingsplass, sti m.m. på Fyrøyo. Det vert lagt opp til at komiteen tek stilling til bruk av løyvinga i eiga sak.

Folkebiblioteket arbeider med kultur- og informasjonsoppgåver. Hovudbiblioteket i Kulturhuset og Litlabø filial har eit årleg besøk på 60-65 000. Biblioteket har m.a. bøker, lydbøker, film, musikk, aviser og tidsskrift, og har media for born, ungdom og vaksne. Biblioteket vert nytta både til fritidsføremål, som møtestad, og i skule- og studiesamanheng.

Det er teke høgde for opning av nytt barne- og ungdomsbibliotek i tilknytning til Nordbygdo ungdomsskule. Biblioteket har eit aktivt samarbeid med grunnskulen i Stord og med barnehagane og i aukande grad samarbeid med dei andre folkebiblioteka i Sunnhordland. Budsjettet legg elles opp til å vidareføra drifta på omlag 2009-nivå. Det er ikkje funne rom for investeringar i utstyr og audiovisuelle media.

Det er lagt inn 0,7 mill på investeringsbudsjettet til sluttfinansiering av tilbygget på Vikahaugane. Til hallane på Vikahaugane ligg det inne til saman 9 mill kr i perioden, som skal nyttast til renovasjon av gamlehallen og til nytt golv i nyehallen. Refusjon forskotering av kunstgrasbane i Prestagardsskogen ligg inne med 1,1 mill i 2010 og 2011, Hystadbanen med 0,49 mill i 2011. Generelle midlar til nærmiljø/ballplassar og park/friluftareal ligg inne med h.h.v. 1,8 og 0,8 mill i perioden.

5.4.2 Stord kulturhus

I 2010 skal det gjerast større investeringar i kinosalen. Lyden skal oppgraderast, kinoen skal digitaliserast og det skal kjøpast inn nye stolar.

Komite for næring, miljø og kultur fatta 3.6.2009 slikt vedtak:

1. Komité for næring, miljø og vedtek at dei tre kulturaktivitetane som kommunen driv: kulturhus, kino, bibliotek og kulturskule i størst mogeleg grad skal vera lokalisert i Kulturhuset.
2. Behov og utforming av areal for best mogleg rammer rundt kulturaktivitetar og kulturtilbod til befolkninga, blir førelagt Komité for næring, miljø og kultur i løpet av hausten 2009.
3. Evt. opprusting/vedlikehald av lokale/utstyr uavhengig av punkt 2 må vurderast i samband med rullering av økonomiplanen og framtidige planar for kulturhuset.

I planperioden ligg det f.o.m. 2011 inne til saman 9,3 mill til ombygging/oppgradering av kulturhuset.

5.4.3 Næring

Drifta av Stord og Fitjar landbrukskontor vert vidareført på om lag 2009-nivå. Løyvinga til SNU er som eit innsparingstiltak forslått redusert til 1,5 mill kr (frå 1,725 mill kr).

Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Hordaland olje og gass, og Haukelivegen AS vert vidareført. Løyving til vidareføring av reiselivssamarbeid i regi av samarbeidsrådet er lagt inn tilsvarende kr 10 per innbyggjar.

Atheno AS søker kommunen ved brev av 1.7.2009 om kr 350 000 i driftstilskot for 2010 til dekking av drift av industriinkubatoren. Budsjettet legg ikkje opp til å imøtekoma søknaden.

5.4.4 Regulering, byggjesak, oppmåling

Eininga er prega av at den høge aktiviteten i Stordsamfunnet. Likevel klarer ein ikkje å halda inntektsforventningane. Byggesak vil truleg klara inntektsmålet, men for eininga totalt er prognosen ei mindreinntekt i forhold til budsjettet på ca. 1 mill i 2009. Det kan sjå ut som om det har vore urealistiske forventningar til inntektspotensialet innanfor plan og oppmåling. Det er og store utfordringar når det gjeld kompetanseheving og oppdatering i høve til ny plan og bygningslov, ny lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) og standardisert digitalisering av kartverk og arealplanar. Eininga er viktig premissleverandør til kommuneplanarbeidet, private utbyggjarar, endringar og omsetting av eigedomar.

Gebyrsatsane vert auka for å nå inntektsmålet som vart sett i budsjettet for 2009. Auken i 2010 er 0,8 mill kr, som tilsvarende gjennomsnitteleg 23% avgiftsauke. Alternativ til gebyrauke er å leggja inn forventning om auka volum, noko som vert vurdert som lite realistisk.

5.4.5 Brann og feing

Budsjettet legg opp til omlag same drift som i 2009. M.a. på bakgrunn av at det har vore ei utfordring å halde tidsfristar i høve uttrykking til særskilde brannobjekt, er det laga eit forstudie som syner alternative måtar å organisere brannvesenet. Ei ordning med heiltidskaserering vil koste omlag kr. 2,0 mill ekstra. Den vil og kunna medføre at dei tilsette kan utføre andre oppgåver for kommunen. Det er likevel ikkje funne rom for å endra organiseringa. Det ligg inne 0,5 mill til investeringar kvart år i økonomiplanperioden. Feiaravgifta er auka med om lag 25%, noko som skal dekkja auka kostnad og etterslep frå tidlegare år

5.4.6 Veg, grønt og park

Eining Veg, trafikk og park vart etablert 01.07.2009 som følgje av at tekniske tenester vart skilt ut i to kommunale føretak. Resttenesta vart vidareført som eiga eining og forankra i basisorganisasjonen. Eininga har i dag ansvar for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale vegar, trafikksikring, parkeringsplassar, park og grøntanlegg.

Drifta er vidareført på om lag 2010 nivå, men er kompensert for underbudsjettering på veglys med 1 mill kr og noko styrking av budsjettet for brøyte- og strøberedskap. Kostnaden på eininga blir noko auka av di ein ikkje får samordna beredskapen med dei kommunale føretaka.

Avgiftsparkering er eit eige forretningsområde som er knytt til eininga. Parkeringsordninga i Leirvik sentrum er til vurdering i komiteen, og det er difor ikkje vurdert auke i parkeringsavgifta.

Det ligg inne kr 15,6 mill til kommunale veganlegg inkl. trafikkisikring og investeringar i utstyr med til saman kr 4,0 mill i økonomiplanperioden.

5.5 Komite for rehabilitering, helse og omsorg

5.5.1 Sosialtenester, NAV

NAV kontoret vart oppretta i 2007 med delt leiarskap mellom stat og kommune. Denne modellen er no til vurdering. I samband med at kommunen oppretta eigedomsføretak er bustadkonsulenten lagt til NAV kommune.

Eininga har fått STYRK-midlar frå staten. Det skal gå til oppretting av ei stilling med fokus på dei yngste i risikosona for rusavhengige. Dette kjem i tillegg til Springbrettet, Kvalifiseringsprogrammet og statlege ordningar.

På grunn av lågare aktivitet i næringslivet, har ein lagt inn noko styrking på utbetalingar på introduksjonsprogrammet og kvalifiseringsprogrammet. Sosialhjelp er på om lag same sum som revidert budsjett 2009.

For å styrka budsjettbalansen er det gjennomført eit nedtak på drifta av kontoret tilsvarande 0,3 mill kr.

Det er busett 8 flyktningar i 2009 mot vedtekne 10. I tillegg er det kome om lag 15 på familiesameining. Det er pr i dag 26 deltakarar på introduksjonsprogrammet. Kommunestyret sa i sak 26/09 at mottak av flyktningar i 2010 skulle vedtakast i samband med budsjettet. IMDI ber i brev av 23. september om at Stord kommune i 2010 tek imot 40 flyktningar. Ut frå ei vurderinga av bustadsituasjonen i kommunen og kapasiteten i mottaksapparatet ligg det i budsjettet eit framlegg om eit mottak på 10 flyktningar i 2010. I tillegg kjem familiesameiningar. I dei to siste åra har omfanget av familiesameining vore stort.

5.5.2 Sosial og førebyggjande tenester

Sosial og førebyggjande tenester består av Førebyggjande helse som har mange ulike funksjonar i høve vaksne og barn, PPT med logopedteneste, Utekontakt, SLT koordinator, PROBIS (oppfølging i bustad), MARIS (LAR og Lavterskel helsestasjon) Hamna Kontaktsenter.

Eininga er med i tre større prosjekt:

- Støtteteam er eit tverrfagleg, operativt team som bistår skular, barn og foreldre. Støtteteamet er forsterka med midlar frå staten si fattigdomssatsing.
- Koordinerande tillitsperson. Prosjektet er statsfinansiert og skal arbeide individuelt og systemretta i høve til rus og psykisk helse.


- Ytre Sunnhordland Samhandlingsteam. Utforming og utøving av tverrfagleg tenestetilbod til dei mest psykisk sjuke. Prosjektet har fått samhandlingsmidlar frå staten, er interkommunalt og i samarbeid med HelseFonna og Stord DPS. Budsjettet er redusert med 0,5 mill for å styrka budsjettbalansen. Det er økonomi til å dekke 2 voktarbeidarar. Desse skal prioriterast inn mot fritidsklubbane

5.5.3 Rehabilitering, helse og omsorg


Det har i løpet av dei siste åra vore stor vekst innanfor pleie- og omsorgstenestene. Dette har ført til at rekneskapan ikkje har vore i samsvar med budsjett, og det er blitt tilført ekstra midlar til tenestene i løpet av året. Dermed har ein i budsjettsamanheng fått eit etterslep. Kommunen har ikkje økonomi til å oppretthalda dagens tenestenivå innanfor desse tenestene. Ein må difor framover rekna med ein generell reduksjon av nivået, samtidig som det vert utfordrande å møte nye behov.

Befolkningsframskrivinga for Stord kommune syner ein jamn vekst i talet på eldre i åra som kjem, jf. tabell i kap. 2.

I SSB sine tal ligg Stord kommune innafor kommunegruppe 7. Kommunegruppe 7 omfattar kommunar som m.a. har låg inntekt og er kompakte. Eit kjenneteikn er at kommunane stort sett har låg ressurstilgang til pleie og omsorg.



Tabellen viser at Stord kommune brukte vel 94000 kr pr innbyggjar over 67 år i 2008. Dette er litt over kommunegruppe 07. Det er derimot om lag på landsgjennomsnitt, men under snitt Hordaland.



Tabellen over syner at over halvparten av innbyggjarane i Stord kommune over 80 år ikkje har omsorgstenester. Talet er aukande, men kommunen har likevel låg dekningsgrad. Tabellen under syner endringa frå siste KOSTRA-rapportering i 2008 fram til september 2009, der ein ser stor auke i både yngre og eldre brukarar.

Tabell over mottakarar av personretta tenester og praktisk bistand.					
Alder	innb 01.01	01.01.2009	% av innb	25.09.2009	endring
0-66 år	15395	207		228	+21
67-79 år	1301	111		102	-9
80 + år	593	262	44 %	282	+20
Brukarar totalt		580		612	+32

Mottakarar over 80 år har auka med 20 dei 9 første månadane i år, mens det er nedgang i gruppa 67-79 år. Mottakarar under 67 år har auka med 20 personar i same tidsrommet. Halvparten av mottakarane under 67 år har psykiatrisk heimesjukepleie og representerer heile auken på 20 brukarar i 2009 i denne gruppa. Som følgje av auke i tal på brukarar og at tilgong til heildøgnsomsorg er låg, er det auke på 421 timar pr månad med personretta tenester hittil i år.

Tala frå SSB (Iplos) viser at Stord kommune har ein høg del brukarar som har omfattande eller middels bistandsbehov. På Stord har t.d. 27,8% av brukarane omfattande bistandsbehov, mot 20,4% i Fjell kommune. Det er difor rimeleg at gjennomsnittskostnaden pr brukar vert noko høgare.

Det same ser ein igjen på dei som bur på institusjon (Sjukeheimen) eller i heildøgns omsorgstilbod (Knutsaåsen omsorgssenter). Ein høg del bebuarar i institusjon har omfattande bistandsbehov: 96,2% av dei på langtidsopphald i Stord kommune, mens landsgjennomsnittet er 75,7%. Fjell kommune, som også har relativt få institusjonsplassar, ligg på 82,4%.

Stord sjukeheim er styrka for å ta vare på urolege og utagerande demente bebuarar. Utviklinga i 2009 har vist at dette er naudsynt for å ivareta bebuarane sin tryggleik og verdigheit, og for å oppretthalde eit forsvarleg arbeidsmiljø. Det er fleire årsaker til auka behov hos denne bebuargruppa. I tillegg til at levealderen aukar, er det skjedd ei endring i medisinsk behandling av demenssjukdom, som gjer at det trengs tettare miljøterapeutisk arbeid (auka bemanning). I tillegg har Stord kommune låg dekningsgrad på institusjonsplassar. Det fører til pasientane har eit større funksjonstap før dei vert lagt inn.

For 2010 er det foreslått eit budsjett som aukar rammene i høve til 2009. Samla budsjetttramme for området for 2010 er 223,5 mill kr, mot 207,5 i revidert budsjett juni 2009. Dette inneber ein auke på 7,7%. Det er likevel ikkje lagt inn full drift på dagens nivå og ingen auke i samband med demografisk utvikling (fleire eldre) til neste år. Det vert difor ein reduksjon av eksisterande nivå, og det kan bli vanskeleg å utføra alle innvilga vedtak. Det ligg inne ein fare for at drifta i løpet av 2010 vert under fagleg, forsvarleg nivå i heimebaserte tenester. Målet for tenestene i 2010 vert såleis:

- mest mogleg effektiv drift innanfor dei økonomiske rammene
- høgare grad av direkte tenesteyting
- reduksjon av utgifter
- effektivisera administreringa av støttekontaktordninga
- effektivisera avlastingsordninga
- eldre som har behov for forsterka tilbod skal få det på Stord sjukeheim

Aktuelle tiltak for å tilpassa driftsnivået til budsjetttrammen vil vera:

- Stram tildeling av tenester. Justera terskel og omfang
- Organisering - slå saman heimetenestene
- Omdisponera budsjetttramma til støttekontakttenesta. Meir bruk av gruppetilbod, samt strengare tildeling
- Vurdere opptrapping av Rehabiliteringssenteret ved omfordeling av midlar innan tenesteområdet

Drift av eitt nytt bufellesskap for utviklingshemma og eitt for personar med psykiske lidningar ligg inne i budsjettet.

Eining for aktivitet og rehabilitering vert vidareført på om lag same nivå som 2009. Dagrehabilitering er vidareført.

5.5.4 Plan for rehabilitering, helse og omsorg – investeringsprogram i planperioden

Med bakgrunn i "Plan for rehabilitering, helse og omsorg" er det laga ein plan som vurderer behov for bustader for utsette grupper og behov for nye institusjonsplassar. Planen fokuserer på det høge kostnadsnivået på nye bustader og ein har prøvd å gå nye vegar. Det er gjennomført ein designkonkurranse for å lage eit forslag til ein prototype med låg kvadratmeterpris og som kan nyttast til fleire brukargrupper. Konkurransen har no ein vinnar, og ein er i gong med detaljprosjektering av 21 bustader for ulike grupper. Desse bustadane er lokalisert til Ås, Apalvegen, Sæbøhaugen og Knutsaåsen. Bustadane er tenkt finansiert gjennom tilskot frå husbanken, mva- refusjon og husleige. I budsjettet ligg tiltaket inne med 56 mil kr i åra 2010-2011.

Planen tilrår og korleis og kor ein bør planlegge nye sjukeheimplassar. Det er behov for 192 nye sjukeheimplassar frem mot 2030, men alt i dag er det eit udekt behov på ca 47 plassar etter ein norm på 25 % av eldre over 80 år. Planen legg opp til at det i første omgang vert bygd nye plassar i tilknytning til eksisterande institusjonar for å sikre effektiv drift med god bruk av personale og andre ressursar. I budsjettforslaget er det lagt inn kr 2 mill til prosjektering i 2010 og 36 mill til utbygging 2011-2013. Det er i forslaget og teke høgde for ev. grunnkjøp. Dette medfører at ein kan kome i gong med opptrappingsplanen, men ein må førebu seg på store investeringar vidare dersom ein skal møte utfordringane kommunen har i åra som kjem.

Det er vidare gjennomført eit prosjekt med mål å vurdere kva som må til for å auka kapasiteten på dag- og aktivitetstilbod for personar med utviklingshemming med 30 plassar, ettersom kapasiteten ved dei to kommunale arbeids- og aktivitetstilboda Sæbø gard og Vidsteentunet Aktivitetssenter er maksimalt utnytta. Nytt bygg vert foreslått plassert ved Sæbø gard, som er eit unikt område med gode kvalitetar.

Byggekostnader	28 000 kr/m ² x 1200 m ²	33 600 000
Spesialutstyr/ anna inventar og utstyr		3 000 000
Sum Investering		36 600 000
Driftsutgifter bygg	1900 kr/m ² x 1200	2 700 000
Driftsutgifter tenester ved 30 nye plassar/per år		6 600 000
Sum drift		9 300 000

Prosjektet syner kva utfordringar kommunen har dersom ein skal møte behovet til nye brukarar med same nivå og kvalitet me har i dag. I den økonomiske situasjonen kommunen har rådmannen ikkje funne rom for dette prosjektet i økonomiplanperioden.

Plan for bygging av bustader og institusjonsplassar og plan for nye dagtilbod for utviklingshemma vert lagt fram for komiteen parallelt med budsjetthandsaminga.

5.6 Stord kommunale eigeedom KF, Stord vatn og avlaup KF

I samhandlingsreglane mellom Stord kommune (basisorganisasjonen) og dei to føretaka heiter det slik under årshjulsaktivitetar, pkt. om budsjett og økonomiplan:

”Føretaket skal overlevera sitt framlegg til drifts- og investeringsbudsjett til rådmannen innan dei same tidsfristane som gjeld for einingane. Føretaket sitt budsjett skal innarbeidast i rådmannen sitt samla framlegg til økonomiplan for heile den kommunale verksemda med rådmannen si tilråding. Etter at kommunestyret har vedteke budsjett og økonomiplan skal styret for føretaket utarbeida eit spesifisert budsjett som skal sendast fylkesmannen i samsvar med retningsliner §2 i forskrift om særbudsjett, særrekneskap og årsmelding for kommunale føretak (...)”

Føretaka sine budsjett følgjer som vedlegg til kommunebudsjettet.

Budsjettet har ikkje teke høgde for overføring av 1,5 årsverk frå KF'a til basisorganisasjone, jf. vedtaket om oppretting av kommunale føretak. Dette lyt ein koma attende til.

5.6.1 Stord kommunale eigeedom KF

Stord kommunale eigeedom KF har lagt fram eit budsjettframlegg som inneber ei samla internhusleige på 85 mill kr. I denne summen ligg m.a. kalkulatoriske kapitalkostnader, etterslep vedlikehald og fdv-kostnader (forvaltning, drift og vedlikehald). I tillegg kjem kostnader til reinhald med 17,3 mill.

Rådmannen har ikkje funne rom for å auka overføringane i høve 2009-nivå og gjer framlegg om ei overføring til Stord kommunale eigeedom KF på 31,8 mill kr for 2010, inklusive utgifter til reinhald. I tillegg dekker kommunen dei faktiske utgifter med renter og avdrag. Straumutgifter vert frå årsskiftet ført på einingane.

Det er lagt opp til at ordninga med internhusleige skal setjast i verk frå 1. januar 2010.

5.6.2 Stord vatn og avlaup KF

Føretaka har i sitt driftsbudsjett lagt til grunn ein auke i dei kommunale avgiftene på 8,35%. Dei nye avgiftene for ein normal husstand vert slik:

	2009	2010	Auke eks mva:kr
Vatn	2 775,-	3 013,-	
Avløp	3 315,-	3 595,-	
Renovasjon	1 615,-	1 740,-	
Sum eks mva	7 705,-	8 348,-	643,- (8,35 %)

Frå føretake er det framlegg om å investera for 116,5 mill kr i vassforsyninga , og for 202,5 mill kr til avlaupssektoren. I tillegg er det lagt opp til ein auke på to administrative årsverk. Investeringane innanfor vassforsyning og avløp er i stor grad basert på tiltaksprogrammet i hovudplanane. Tiltak i desse planane er styrande for utbygging av vass- og avløpsanlegg.

6. Finans, avgifter, betalingsattsar

6.1 Gebyr og betalingsattsar

Dei kommunale gebyr- og betalingsattsane er for 2010 endra i samsvar med tabellen under. Nærare detaljar for dei ulike avgiftene går fram av vedleggshefte Betalingsattsar.

Dei kommunale vatn, avlaup og renovasjonsavgiftene vert fremja av det kommunale føretaket Stord vatn og avlaup KF. Husleigene vert regulert av Stord kommunale eigedom KF.

Teneste	Auke	Kommentar
Kommunale barnehageplassar		Følgjer maksimumssattsane
Skulefritidsordning		Inga endring
Stord Kulturskule		Inga endring
Korttidsopphald og dag-/nattopphald i sjukeheim		Forskriftsbestemt
Betalingsattsar for omsorgstenester		Vert fremja som eiga sak for RHO-komiteen
Gebyr for oppmålingsarbeid	23%	Gjennomsnitt auke
Reguleringsgebyr – delingsøknader	23%	
Byggesaksgebyr	23%	
Torghandel	3,0%	
Avgiftsparkering		Inga endring
Feiing og brannsyn	25,0%	

6.1.1 Finansinntekter og -utgifter, lånegjeld

Kommunen si samla lånegjeld ekskl. startlån vil ved utgangen av 2009 vera på 776 mill kr. Stord hamn sin del av gjelda er 22 mill. Netto kommunal gjeld vert kr 757 mill.

Minimumsavdrag er rekna ut etter lånegjelda pr 31.12 2008. Låneopptak 2009 vert vekta i samsvar med føremålet med investeringane. Gjennomsnittleg vekta avdragstid for lånemassen er 30 år. For lån tekne opp i 2009 vert vekta avdragstid 35 år. Dette gir minimumsavdrag på 26,9 mill kr for 2010.

I budsjettet har rådmannen lagt til grunn avdrag på 27 mill kr i 2010, som er innanfor kommunelova sitt krav til minimumsavdrag. Det er lagt til grunn minimumsavdrag for heile planperioden.

Det er lagt opp til følgjande låneopptak i perioden:

	2010	2011	2012	2013
Startlån	10 000	10 000	10 000	10 000
Avgiftsfinansierte låneopptak	64 278	72 144	92 183	90 460
Andre lån	54 980	66 400	39 360	27 050
Sum låneopptak	129 258	148 544	141 543	127 510

Kommunen si gjeld fordeler seg slik pr 31.12 i planperioden (mill kr):

	2009	2010	2011	2012	2013
Total lånegjeld	840,6	942,9	1060,5	1 165,3	1 252,8
Formidlingslån/startlån	64,7	72,8	80,7	87,9	94,6
Eigne lån	775,9	870,1	979,8	1 077,4	1 158,2
Utlån til Stord Hamnevoll	22,0	21,5	21,0	20,5	20,0
Sum egne avdragslån	753,9	848,6	958,8	1 056,4	1 138,2
Lån finansiert over avgiftsområdet	289,6	341,4	398,9	473,9	544,2
Sum kommunale lån	464,3	507,2	559,9	582,5	594,0

Av auken i kommunal lånegjeld på 130 mill 1.1.2010 til utgangen av 2013 er 23,5 mill kr knytt til sjølvfinansierende utleigebustader og 16 mill kr til skulebygg med rentekompensasjon.

Rente- og avdragsnivået i vil i perioden utvikla seg slik:

	2010	2011	2012	2013
Renteutgifter ekskl. startlån	29 375	38 802	45 554	51 780
Avdragsutgifter	27 000	30 975	35 593	39 978
Sum rente og avdrag	56 375	69 779	81 147	91 758

Det er lagt til grunn ei flytande rente 3,0% i 2010 og fast rente berekna etter dei låneavtalane kommunen har i dag. For 2011-2013 er det rekna med ei gjennomsnittleg flytande rente på 4,5%. Det er vidare lagt opp til at nye lån som vert tekne opp i gjennomsnitt vert nedbetalt over 30 år.

Investeringsprogrammet fører til auke i kommunen sine finansutgifter i økonomiplan perioden på 35 mill kr. 66% av denne utgifta vert dekkja av dei kommunale eigedomsavgiftene.

I årsbudsjettet for 2010 er det forventet slik avkastning på kommunen sine midlar:

Aktivaklasse	Kapital 1000 kr	Forventa avkastning i %	Budsjettet uttak avkastning i 1000 kr.
Lån idrettslag/kontanter	8 000	3,00 %	200
Pengemarknad	70 000	3,00 %	2 100
Obligasjonar	50 000	4,00 %	2 000
Aksjar	30 000	7,00 %	2 100
Sum plasseringar	158 000		6 400
Andel kraftselskap			5 000
Renter av likviditet elles			1 000
Sum			12 400

7. Vedlegg

7.1 Økonomiplan drift

7.2 Økonomioversyn drift

7.3 Investeringsbudsjett

7.4 Spesifikasjon investeringar

7.5 Stord kommunale kino

7.6 Budsjettframlegg Stord kommunale eigeendom KF

7.7 Budsjettframlegg Stord vatn og avlaup KF

Vedlegg 7. 1 Økonomiplan drift

Budsjettskjema 1A							
	Rekneskap 2008	Budsj. 2009rev	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013	
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER							
2	Skatt på inntekt og formue 1)	-351 271 596	-371 550 000	-412 600 000	-417 965 000	-423 684 000	-429 762 000
3	Ordinært rammetilskudd 1)	-130 217 553	-158 229 000	-152 000 000	-160 200 000	-166 830 000	-173 400 000
4	Skatt på eiendom	-	-	-	-	-	-
5	Andre direkte eller indirekte skatter 2)	-	-	-	-	-	-
6	Andre generelle statstilskudd 3)	-88 590 948	-98 840 000	-108 350 000	-109 850 000	-110 350 000	-110 850 000
7	Sum frie disponible inntekter	-570 080 097	-628 619 000	-672 950 000	-688 015 000	-700 864 000	-714 012 000
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER							
9	Renteinntekter og utbytte 4)	-12 770 058	-17 368 000	-15 000 000	-15 600 000	-16 200 000	-16 800 000
10	Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	42 976 189	27 500 000	29 375 000	38 802 000	45 554 000	51 780 000
11	Avdrag på lån	22 806 823	24 450 000	27 000 000	30 975 000	35 593 000	39 978 000
12	Netto finansinntekter/-utgifter	53 012 954	34 582 000	41 375 000	54 177 000	64 947 000	74 958 000
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER							
14	Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	-	12 061 000	1 859 000	-	-	-
15	Til ubundne avsetninger	-	-	-	-	-	-
16	Til bundne avsetninger 5) Bruk av tidligere års regnskapsmessige	10 412 087	510 376	3 000	3 000	3 000	3 000
17	mindreforbruk	-	-	-	-	-1 432 138	-57 276

18	Bruk av ubundne avsetninger	-12 075 397	-6 591 100	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
19	Bruk av bundne avsetninger 5)	-5 932 750	-5 887 720	-713 000	-13 000	-13 000	-13 000
20	Netto avsetninger	-7 596 060	92 556	1 099 000	-60 000	-1 492 138	-117 276

FORDELING

22	Overført til investeringsbudsjettet	-	-	2 743 000	7 796 000	6 200 000	6 296 000
24	Til fordeling drift	-524 663 203	-593 944 444	-627 733 000	-626 102 000	-631 209 138	-632 875 276
26	Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	540 237 394	593 626 467	627 732 867	624 669 862	631 151 862	632 874 867
28	Merforbruk/mindreforbruk = 0	15 574 191	-317 977	-133	-1 432 138	-57 276	-409

1 Skatt og rammeoverføring

(mill. kr)

Sum rammetilskudd ekskl. inntektsutjevning

Netto inntektsutjamning

Sum rammetilskudd

Skatt på inntekt og formue) vårt anslag

Sum frie inntekter

Endring i dr frie inntektene (%)

	2009 anslag	2010	2011	2012	2013
Sum rammetilskudd ekskl. inntektsutjevning	151 199	154 737	164 136	169 560	176 676
Netto inntektsutjamning	-5 453	-2 737	-4 167	-2 734	-3 294
Sum rammetilskudd	145 746	152 000	159 969	166 826	173 382
Skatt på inntekt og formue) vårt anslag	391 667	412 600	417 965	423 684	429 764
Sum frie inntekter	537 413	564 600	577 934	590 510	603 146
Endring i dr frie inntektene (%)		5,06 %	2,36 %	2,18 %	2,14 %

Det er lagt til grunn ein folketalsvekst på 1,4% perioden.

3 Andre generelle statstilskot

Flyktingetilskot

Statstilskot flyktingemottak Heiane

Rentekompensasjon skuleanlegg reform 97

Rentekompensasjon skuleanlegg ramme 48 mill

Rentekompensasjon skuleanlegg ny ramme 48 mill

Rentekompensasjon kyrkje

Rentekompensasjon omsorgsbustader/institusj plasser

Statstilskot private barnehagar

Statstilskot skjønnsmidlar barnehagar

Sum

	2010	2011	2012	2013
Flyktingetilskot	15 500 000	15 500 000	15 500 000	15 500 000
Statstilskot flyktingemottak Heiane	1 750 000	1 750 000	1 750 000	1 750 000
Rentekompensasjon skuleanlegg reform 97	1 000 000	1 000 000	1 130 000	1 120 000
Rentekompensasjon skuleanlegg ramme 48 mill	1 500 000	1 500 000	1 600 000	1 500 000
Rentekompensasjon skuleanlegg ny ramme 48 mill	300 000	900 000	1 200 000	2 000 000
Rentekompensasjon kyrkje	100 000	100 000	190 000	200 000
Rentekompensasjon omsorgsbustader/institusj plasser	4 100 000	5 000 000	4 880 000	4 680 000
Statstilskot private barnehagar	60 000 000	60 000 000	60 000 000	60 000 000
Statstilskot skjønnsmidlar barnehagar	24 100 000	24 100 000	24 100 000	24 100 000
Sum	108 350 000	109 850 000	110 350 000	110 850 000

4 Finansbudsjettet

Berekna utbytte frå SKL

Avkastning av kapital 150 mill

Rente av anna bank og andre fordringer

Renter av kommunale utlån

Sum renteinntekter

	2010	2011	2012	2013
Berekna utbytte frå SKL	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Avkastning av kapital 150 mill	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Rente av anna bank og andre fordringer	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Renter av kommunale utlån	2 000 000	2 600 000	3 200 000	3 800 000
Sum renteinntekter	15 000 000	15 600 000	16 200 000	16 800 000

Renteutgifter er berekna utifrå dei faste avtalane .

kommunen har samt at flytande renter for 2010

er stipulert til 3% i gjennomsnitt. For perioden 2011 -2013 er
flytande rente sett til 4,5%

29 375 000	38 802 000	45 554 000	51 780 000
------------	------------	------------	------------

Avdrag

27 000 000	30 975 000	35 593 000	39 978 000
------------	------------	------------	------------

5 Avsetninger

Bruk bunde fond barnehage

2010	2011	2012	2013
700 000	-	-	-

Bruk fond gåver

13 000	13 000	13 000	13 000
--------	--------	--------	--------

Dekning av tidlegare års meirforbruk

1 859 000			
-----------	--	--	--

Overført til investeringsrekneskaper (momoskompensasjon
investeringar)

2 743 000	7 796 000	6 200 000	6 296 000
-----------	-----------	-----------	-----------

Vedlegg 7. 2 - Økonomisk oversikt - drift

	Rekneskap 2008	Budsj.2009rev	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
DRIFTSINNTEKTER						
Brukerbetalinger	-24 462 491	-26 639 489	-24 438 394	-24 438 394	-24 438 394	-24 438 394
Andre salgs- og leieinntekter	-95 310 934	-96 129 593	-25 253 797	-25 253 797	-25 253 797	-25 253 797
Overføringer med krav till motytelse	-146 889 227	-122 065 065	-153 776 840	-164 279 840	-160 102 840	-164 484 840
Rammetilskudd fra staten	-130 217 553	-158 229 000	-152 000 000	-160 200 000	-166 830 000	-173 400 000
Andre statlige tilskudd	-88 590 948	-98 840 000	-108 350 000	-109 850 000	-110 350 000	-110 850 000
Andre overføringer	-382 000	-419 500	-130 000	-130 000	-130 000	-130 000
Inntekts- og formueskatt	-351 271 596	-371 550 000	-412 600 000	-417 965 000	-423 684 000	-429 762 000
Eiendomsskatt	-	-	-	-	-	-
Andre direkte og indirekte skatter	-	-	-	-	-	-
Sum Driftsinntekter	-837 124 749	-873 872 647	-876 549 031	-902 117 031	-910 789 031	-928 319 031
DRIFTSUTGIFTER						
Lønnsutgifter	452 442 541	479 877 174	471 829 731	477 139 731	478 439 731	482 939 731
Sosiale utgifter	116 243 349	131 264 947	129 063 540	130 893 540	132 023 540	133 353 540
Kjøp av varer og tjenester som inngår i egenprod.	98 560 875	99 472 159	71 931 004	72 131 004	71 931 004	72 131 004
Kjøp av varer og tjenester erstatter egenprod.	54 063 862	59 023 464	81 341 874	81 441 874	81 516 874	81 591 874
Overføringer	98 159 929	80 266 800	85 190 750	85 190 750	85 190 750	85 190 750
Avskrivninger	32 159 776	-	-	-	-	-
Fordelte utgifter	-12 214 342	-11 144 430	-8 025 006	-8 025 006	-8 025 006	-8 025 006
Sum Driftsutgifter	839 415 990	838 760 114	831 331 893	838 771 893	841 076 893	847 181 893
Driftsresultat	2 291 241	-35 112 533	-45 217 138	-63 345 138	-69 712 138	-81 137 138
EKSTERNE FINANSTRANSAKSJONER						
Finansinntekter						
Renteinntekter og utbytte	-12 770 058	-17 368 000	-15 000 000	-15 600 000	-16 200 000	-16 800 000
Mottatte avdrag på utlån	-67 489	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Sum eksterne finansinntekter	-12 837 547	-17 468 000	-15 100 000	-15 700 000	-16 300 000	-16 900 000

Finansutgifter

Renteutgifter og låneomkostninger	42 976 189	27 500 000	29 375 000	38 802 000	45 554 000	51 780 000
Avdrag på lån	22 806 823	24 450 000	27 000 000	30 975 000	35 593 000	39 978 000
Sosial- og næringsutlån	93 322	220 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Sum eksterne finansutgifter	65 876 334	52 170 000	56 475 000	69 877 000	81 247 000	91 858 000

Resultat ekst.finanstransaksjoner	53 038 787	34 702 000	41 375 000	54 177 000	64 947 000	74 958 000
--	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------	-------------------

Motpost avskrivninger	-32 159 776	-	-	-	-	-
Netto driftsresultat	23 170 252	-410 533	-3 842 138	-9 168 138	-4 765 138	-6 179 138

INTERNE FINANSTRANSAKSJONER

Bruk av avsetninger

Bruk av udisponert fra tidligere år	-	-	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-12 075 397	-117 100	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
Bruk av bundne fond	-5 932 750	-5 887 720	-713 000	-13 000	-13 000	-13 000
Bruk av likviditetsreserve	-	-6 474 000	-	-	-	-
Bruk av tidlegare års udisponert resultat	-	-	-	-	-1 432 138	-57 276
Sum bruk av avsetninger	-18 008 147	-12 478 820	-763 000	-63 000	-1 495 138	-120 276

Avsetninger

Overført til investeringsbudsjettet	-	-	2 743 000	7 796 000	6 200 000	6 296 000
Avsatt til dekning fra tidligere år	-	12 061 000	1 859 000	-	-	-
Avsatt til disposisjonsfond	-	-	-	-	-	-
Avsatt til bundne fond	10 412 087	510 376	3 000	3 000	3 000	3 000
Avsatt til likviditetsreserven	-	-	-	-	-	-
Sum avsetninger	10 412 087	12 571 376	4 605 000	7 799 000	6 203 000	6 299 000

Udisponert (overskudd)	-	-317 977	-138	-1 432 138	-57 276	-414
Til inndekning senere år (underskudd)	15 574 192	-	-	-	-	-
Resultat etter int. finanstransaksjoner	-	-	-	-	-	-

Økonomisk oversikt - investering						
	Rekneskap 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Investeringsinntekter						
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-6 747 403	-500 000	-6 000 000	0	0	0
Andre salgsinntekter	-857 439	-	0	0	0	0
Refusjoner	-7 230 146	-4 500 000	-6 740 000	-14 000 000	-3 200 000	-5 000 000
Statlige overføringer	-	-	-	-	-	-
Andre overføringer	-	-	0	0	0	0
Renteinntekter og utbytte	-	-	0	0	0	0
Sum Inntekter	-14 834 988	-5 000 000	-12 740 000	-14 000 000	-3 200 000	-5 000 000
Investeringsutgifter						
Lønnsutgifter	1 679	-	0	0	0	0
Sosiale utgifter	237	-	0	0	0	0
Varer og tjenester i komm. egenprod	126 742 227	145 753 000	134 813 000	168 504 000	143 843 000	129 810 000
Kjøp av tjenester som erstatter egenprod	-	-	0	0	0	0
Overføringer	23 164 016	8 812 000	2 400 000	1 090 000	0	0
Renteutgifter og omkostninger	3 552 575	2 700 000	3 025 000	0	0	0
Fordelte utgifter	-	-	0	0	0	0
Sum Utgifter	153 460 734	157 265 000	140 238 000	169 594 000	143 843 000	129 810 000
Finansutgifter						
